

ÅRETS BARNEKORDIRIGENT

Årets barnekordirigent er ein pris som blir utdelt av Ung i Kor kvart år, og går til ein dirigent som i virket sitt har utmerkt seg i arbeid med barn opp til 16 år. Fristen for nominering er i november, og prisen for inneverande år vil bli delt ut i byrjinga av året etter.

Alle dirigentar i Noreg som arbeider med barnekor kan bli nominert til prisen. Kandidatane blir nominert av styre eller andre medlemmar i kora sine, gjennom ei påmelding direkte til Ung i Kor. Ein kan nominere kandidatar gjennom heile året, men fristen for nominasjonar til Årets barnekordirigent går ut i november. Dei aktuelle kandidatane treng ikkje å vere medlemmar i Ung i Kor.

Kriteria for nominering har som uttalt mål å vere breie og inkluderande, og utgjør ei liste som inkluderer, men ikkje er avgrensa til:

- Arbeid av høg kvalitet over lang tid.
- Ei framståande og merksemdsverdig konsertgjennomføring.
- Eit særskilt utviklande eller krevjande prosjekt.
- Inspirerande og framståande rekruttering av songarar.
- Oppstart, etablering eller drift av barnekor på ein stad eller i eit miljø der barnekordrift ikkje elles ville ha funne stad.
- Ein original idé eller konsept for drift, konsert, innspeling eller utgjeving.
- Nybrottsarbeid innan repertoar eller sjangertenking.

Prisen er på 25.000 norske kroner, og ei handfast gåve i form av ein skulptur. Det blir ikkje stilt krav på kva pengane skal brukast til, men det vil bli ynskt at vinnaren sjølv skriv om virket sitt i eit blogginnlegg, eller på annan måte fortel om arbeidet som ligg til grunn for prisen.

ÅRETS DIRIGENTSPIRE

Årets dirigentspire er ein pris som blir utdelt av Ung i Kor kvart år, og går til ein ung songar og / eller dirigent som viser særskild interesse og potensiale for å lære seg kordirigering og utviklast som dirigent. Fristen for nominering er i november, og prisen for inneverande år vil bli delt ut i byrjinga av året etter.

Kandidatane blir nominert av styre eller andre medlemmar i kora sine, gjennom ei påmelding direkte til Ung i Kor. Kandidaten må ikkje ha fylt meir enn 26 år i nominasjonsåret. Ein kan nominere kandidatar gjennom heile året, men fristen for nominasjonar til Årets dirigentspire går ut i november. Dei aktuelle kandidatane treng ikkje å vere medlemmar i Ung i Kor.

Kriteria for nominering har som uttalt mål å fokusere på potensiale og oppmuntring av interesse for korleiiing. Døme på kandidatar kan vere, men er ikkje avgrensa til:

- Unge som sjølv tek ansvar for den musikalske utviklinga i koret, gruppa eller lokalmiljøet.

- Unge som viser særskild interesse eller potensiale for å arbeide med song for barn og unge.
- Unge som viser initiativ for drift, oppstart eller vidareføring av korets verksemd.
- Unge som på ulike måtar har medverka til gjennomføringa av prosjekt, konsertar eller kurs, til inspirasjon eller læring for andre.
- Unge som har bidrege med originale idéar, interessante konsept eller nybrottsarbeid for konsertar, innspelingar eller andre musikalske prosjekt.

Prisen vil være i form av deltaking i eit dirigentkurs i regi av Ung i Kor eller ein av dei andre organisasjonane i Koralliansen. For prisvinnaren vil både reise, losji og kursavgift bli betalt. Nivået på kurset vil bli avtalt i samtale med den nominerte. Det vil også bli ynskt at vinnaren skriv om bakgrunnen sin og kurset i eit blogginnlegg, eller på annan måte fortel om opplevinga.